



Risikoanalyse og tiltak

Sist oppdatert: 08.01.25

Oppdatert av: Rutt-Lovise Strand

--	--	--

Hensikt

Identifisere risiko og iverksette tiltak knytt til gjestar som besøker Fjordkysten og Sunnfjord.

Merknad

Dette er ikkje ei erstatning for kommunane og næringa sine egne risiko- og sårbarhetsanalyser!

Situasjonsbeskrivelse

Fjordkysten og Sunnfjord-regionen er prega av eit mangfaldig landskap med fjordar, fjell, og ein dramatisk kystlinje. Dette gjer området tiltrekkande for turisme og friluftsliv, men òg sårbart for ulike risikoar knytt til naturhendingar, menneskelege aktivitetar, og kritisk infrastruktur.

Relevante hendingar

1. Naturhendingar

Klima og topografi gjer Vestlandet særleg utsett for naturhendingar. Desse hendingane kan variere frå kortvarige ekstremvêrsepisodar til langsiktige effektar av klimaendringar.

Sterk vind

Vestlandet er ofte utsett for stormar. Dette krev tiltak for å sikre lausøyre, bygningar og anna sårbar infrastruktur.

Skred

Skred er ei stor utfordring i regionen, spesielt i bratte fjellområde og kystnære skråningar. Meir nedbør og aukande temperaturar som følgje av klimaendringar fører til hyppigare skred.

- **Ras:** Kan treffe vegar, eigedom og anna infrastruktur, ofte med store konsekvensar.
- **Snøskred:** Særleg utfordrande i vintermånadene og for toppturentusiastar.

Flaum

Flaumar oppstår ofte som følgje av kraftig regn eller snøsmelting. Haustflaumar er særleg vanlege og kan føre til øydeleggjande vassmengder i lågtliggande område.

- **Stormflo:** Kombinasjon av høg sjø og sterk vind, som truar kystsamfunn og infrastruktur.

2. Ulykker

Menneskelege aktivitetar kan føre til alvorlege ulykker, spesielt i kombinasjon med naturkrefter.

- **Vegtrafikkulykker:** Smale vegar og dårlege siktforhold aukar risikoen for ulykker.
- **Ulykker på sjøen:** Sterk vind, høge bølger og uerfarne båtførarar utgjer ein betydeleg fare.
- **Brann:** Oppstår ofte som følge av feil bruk av bål eller elektrisk utstyr.

3. Kritisk infrastruktur

Samfunnet er avhengig av fungerande infrastruktur for straum, vatn, og kommunikasjon. Langvarig bortfall av desse tenestene kan få alvorlege konsekvensar.

4. Helse

Pandemiar og smittsomme sjukdommar kan skape store samfunnsutfordringar. Covid-19 viste kor raskt eit sjukdomsutbrot kan lamme både helsevesen og samfunn.

- **Smittsomme sjukdommar.**
- **Ureining av drikkevatn:** Kan oppstå etter kraftig regnvêr eller infrastrukturfeil.

5. Tilsikta hendingar

Aktørar som med vilje ønskjer å påføre skade eller frykt, utgjer ein annan type risiko.

- **Pågåande livstrugande vald (PLIVO)**
- **Angrep på IT-infrastruktur**

Naturbasert reiseliv

Turisme i Fjordkysten og Sunnfjord er nært knytt til naturen, som byr på både opplevingar og utfordringar. Turistar har ofte begrensa erfaring med lokale forhold, noko som aukar risikoen for skadar.

Aktivitetar

- **Vatn og sjø:** Fiske, båt, kajakk, bading og aktivitet i strandsone (t.d. stormwatching). Utrygg is på vinteren.
- **Fjell og bre:** Turar nær brear og guida fjellvandringar krev god førebuddheit.
- **Friluftsliv generelt:** Brannfare ved bruk av bål.
- **Sykkel:** Smale vegar og tung trafikk skapar farlege situasjonar.

Tiltak og førebygging

Informasjon til gjestar, guidar og vertskap

- Yr.no: [Yr](#)
- Bølgevarsel: [Bølgevarsel](#) | [Bølgevarsel - BarentsWatch](#)
- Varsom.no: [Varsler om naturfarer i Norge](#) | [Varsom.no](#)
- Sjøvettreglane og vannvettreglane: [Sjøvettreglane og Vannvettreglane - Sjøfartsdirektoratet](#)
- Båtsikkerhet: [sikkerhet på sjøen](#)
- Fjellvettreglane: [Fjellvettreglane - DNT](#)
- Skogbrann: [Skogbrannplakat](#) | [Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap](#)
- Vær trygg i fjellet: [Vær trygg i fjellet! - Fjord Norway](#)
- Pakkelister og rett utstyr. Sørg for at turistar har med seg det dei treng for trygg ferdsel: [Pakkeliste til fjelltur - og alt annet du trenger å vite for å gå på tur på Vestlandet - Fjord Norway](#)
- Gradering av turar: [Gradering av vandreturer - Fjord Norway](#)

Andre ressursar

- Ansvarleg marknadsføring – Gi eit realistisk bilde og formidle reelle risikoar knytt til aktivitetar: [Ansvarleg marknadsføring – Visit Fjordkysten & Sunnfjord](#)
- Sikkerhet ved utleie av båt: [Utleie av båt, sikkerhet - NHO Reiseliv](#)
- Arrangement: [Veileder for sikkerhet ved store arrangementer](#) | [Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap](#)

- Produksjon, distribusjon og servering av mat og drikke: [Mat og drikke](#) | [Mattilsynet](#)
- Kommunane tilbyr beredskapsressursar og kontaktinformasjon ved kriser.
- Førstehjelpskurs for vertskap og ansatte.

Nødnummer

- Politi: **112**
- Brann: **110**
- Ambulanse: **113**
- Legevakt: **116 117**

Ved å kombinere god førebygging, ansvarleg informasjon og effektive tiltak kan risikoane for turistar reduserast i Fjordkysten og Sunnfjord.

Risikomatrise

Stor sannsynlighet	4	4	8	12	16
Sannsynlig	3	3	6	9	12
Liten sannsynlighet	2	2	4	6	8
Usannsynlig	1	1	2	3	4
		1	2	3	4
		Ubetydelig	Mindre alvorlig / farlig	Alvorlig / Farlig	Svært alvorlig / katastrofal

Sannsynlighet

1	Usannsynlig	Ingen tilfeller
2	Liten sannsynlighet	Enkelt-tilfeller / Sjeldent
3	Sannsynlig	Tenkelig / Av og til
4	Stor sannsynlighet	Forventet / Ofte

Konsekvens

1	Ubetydelig	Ufarlig / Ubetydelig personskade
2	Mindre alvorlig	Lettere / Mindre personskade / Forbigående.
3	Alvorlig / Farlig	Personskade uten varige skader.

4 Svært alvorlig / Katastrofalt Varige skader / Alvorlig personskade / Mulig dødsfall.

Risikovurdering

Uønska hendelse	Årsak	Mulig konsekvens	S	K	R	Risikoreduserende tiltak
Sterk vind og høy flo	• Normale værvariasjonar. • Ei forventa auke i ekstremvær. <i>Skuldersesongen er mest utsatt.</i>	• Kansellerte avgangar med fly og båt • Stengde vegar • Skade på infrastruktur, bebyggelse, transportmiddel m.m. • Fare for personskade, særleg ved å opphalde seg utandørs • Særleg fare ved å opphalde seg i båt eller ved sjøen	Sannsynleg	Alvorleg	9	• Kommunal beredskap • Marknadsmateriell og kommunikasjon som aktivt bidreg til auka sikkerheit • Skilting og merking av besøksmål med særleg risiko • Varsling via sosiale medium. • Opplæring og kompetanse for vertskapet
Skred, ras og flaum	• Store mengder vatn og snø. • Ugunstige temperatursvingningar. <i>Forventa auke på grunn av meir ekstremvær.</i> <i>Skuldersesongen er mest utsatt.</i>	• Stengde vegar • Skade på infrastruktur, bebyggelse, transportmidler m.m. • Personskade	Sannsynleg	Alvorleg	9	• Kommunal beredskap • Marknadsmateriell og kommunikasjon som aktivt bidreg til auka sikkerheit • Skilting og merking av besøksmål med særleg risiko • Varsling via sosiale medium • Opplæring og kompetanse for vertskapet
Terror	Auka risiko i eit globalt perspektiv. <i>Stadar med samling av mykje folk som i store byar, arrangement og anlegg/attraksjonar er mest utsett.</i>	• Skade på infrastruktur, bebyggelse, transportmiddel m.m. • Overlast på nødetatar og helseteneste • Personskade • Død	Usannsynleg	Svært alvorleg	4	• Nasjonal / regional / kommunal beredskap • Opplæring og kompetanse for vertskapet

Ulykke i forbindelse med arrangement	• Feil bruk og mangelfull sikring av utstyr • Store folkemengder samla på små områder • Alkoholpåvirka gjestar • Vald og truslar	• Skade på interiør og utstyr • Panikk • Personskade	Liten sannsynlighet	Alvorleg	6	• Følg DSB sin Arrangementsveileder • Opplæring og kompetanse for vertskapet
Epidemi / Pandemi	Utbrudd av smittsom sjukdom. <i>Auka globalisering og reiseaktivitet medfører raskare spredning.</i>	• Overlast på helsetenesta • Sjukdom • Død	Liten sannsynlighet	Svært alvorleg	8	• Nasjonal beredskap og informasjon – Folkehelseinstituttet (FHI) • Varsling ved kjent utbrot, og formidling av evt. rettleiing • Opplæring og kompetanse for vertskapet og guidar
Lokale sykdomsutbrot <i>Lokalt begrensa sykdomsutbrot med til dømes Norovirus kan forekomme på stadar med overnatting og servering av mat og drikke, til dømes hotell, cruise og arrangementer.</i>	• Manglande reinhald og smittevernrutiner • Mangelfull hygiene blant gjestar • Manglande kompetanse og tiltak ved utbrot	• Overlast på helsetenesta • Sjukdom • Misnøgde gjestar og dårleg omtale	Liten sannsynlighet	Mindre alvorleg	4	• God hygiene, reinhald og førebyggjande smittevernrutiner • Tilfredsstillande rutiner knytt til produksjon, distribusjon og servering av mat og drikke (Mattilsynet) • Rutiner ved utbrot • Opplæring og kompetanse for vertskapet
Matforgiftning	• Mangelfull handtering av mat og drikke. • Uhygieniske forhold og dårleg reinhald • Manglande kompetanse og opplæring. <i>Kan forekomme på stadar med produksjon, sal og servering av mat og drikke.</i>	• Sjukdom • Misnøgde gjestar og dårleg omtale	Liten sannsynlighet	Mindre alvorleg	4	• God hygiene, reinhald og førebyggjande smittevernrutiner • Tilfredsstillande rutiner knytt til produksjon, distribusjon og servering av mat og drikke (Mattilsynet) • Opplæring og kompetanse for vertskapet

Forurensing av vasskjeldar	• Utbrudd av tularemi (harepest) • Flaum og store nedbørmengder <i>Ved utbrudd av tularemi (harepest) kan drikke fra vasskjeldar i naturen som vanligvis blir ansett som trygge kunne føre til alvorleg sjukdom.</i> <i>Kommunale drikkevasskjeldar blir overvaka av kommunane, som har varslingsrutiner ved forureining.</i>	• Sjukdom	Liten sannsynlighet	Alvorleg	6	• Nasjonal beredskap og informasjon – Folkehelseinstituttet (FHI) • Kommunale overvåkings- og varslingsrutiner knytt til drikkevasskjeldar • Informasjon gjennom SoMe o.l. ved kjent utbrot • Opplæring og kompetanse for vertskap og guidar
Trafikkulykke	• Dårlig vegstandard • Glatt føre • Mykje trafikk og køar • Kjøretøy med manglar • Uerfaren sjåfør (norske forhold) • Uansvarleg kjøring	• Stengde vegar • Skade på transportmiddel. • Personskade • Død	Liten sannsynlighet	Svært alvorleg	8	• Informasjon til gjestar om trafikkale forhold • Skilting og regulering • Legge til rette sykkelveggar • Kontaktinformasjon til nød- og redningsteneste
Skogbrann	• Bålbrenning. • Gnist og varmeutvikling frå anna aktivitet <i>Særleg utsatt i tørre periodar.</i>	• Ødelegging av natur, infrastruktur, bebyggelse m.m. • Personskade	Liten sannsynlighet	Alvorleg	6	• Informasjon om nasjonale retningslinjer for brenning av bål • Lokale føringar i periodar med tørt klima og auka risiko. • Ansvarleg marknadsføring • Varsling via SoMe ved auka risiko • Kontaktinformasjon til brann- og redningsteneste

Kriminalitet: Vold, ran, trusler og tyveri	- Alkohol og rus - Gjengmiljø <i>Gjerne knytta til særskilte miljøer, større byar og arrangement med mykje folk.</i>	- Frykt og utrygghet - Negativ omtale - Tap av eigedelar - Personskade	Liten sannsynlighet	Alvorleg	6	Politi og vekterteneste til stade ved samling av større folkemengder, som til dømes festivalar og liknande.
Ulykke i skisenter	- Manglande sikring og merking av løyper - Manglande respekt for vær og varsler - Uansvarleg kjøring - Kjøring utanom løyper - Manglande sikkerhetsutstyr	- Redningsaksjonar - Snøras - Øydelegging av utstyr - Personskade	Sannsynleg	Svært alvorleg	12	- Marknadsmateriell og kommunikasjon som aktivt bidreg til auka sikkerheit - Ansvarleg marknadsføring - Gradering av løyper - Merking og skilting - Redningstenester
Ulykke på fjellet eller i turterreng	- Uerfarenhet - Urealistiske forventningar - Fysiske begrensningar - Manglande lokalkunnskap - Manglande respekt for vær og varsler - Manglande utstyr - Dårlig bekledning - Mangelfull informasjon og dårleg skilting	- Redningsaksjoner - Personskade - Død	Sannsynleg	Svært alvorleg	12	- Marknadsmateriell og kommunikasjon som aktivt bidreg til auka sikkerheit - Ansvarleg marknadsføring - Merking og skilting - Redningstenester
Drukning	- Sterk strøm ved bading - Manglande svømmeferdigheter - Mangelfull respekt for kreftene i havet, vær og vind - Mangelfull informasjon - Manglande sikkerhetsutstyr	- Redningsaksjoner - Personskade - Død	Lite sannsynleg	Svært alvorleg	6	- Marknadsmateriell og kommunikasjon som aktivt bidreg til auka sikkerheit - Ansvarleg marknadsføring - Merking og skilting - Redningstenester

	- Fall i sjø frå brygger og svaberg - Bli skylt på sjøen med store bølger - Ulykker med båt, kajakk o.l.					
--	--	--	--	--	--	--

Tiltak

Mål: Sikre marknadsmateriell og kommunikasjon som aktivt bidreg til auka sikkerheit			
Tiltak	Beskrivelse	Ansvar	Frist
Informasjon til vertskapet på bransjenettsida Visit Fjordkysten & Sunnfjord – Bransjenytt	Det er utarbeida ei side på bransjenytt med henvisning til informasjon og til risikoanalyser: Risiko og beredskap – Visit Fjordkysten & Sunnfjord	Visit Fjordkysten og Sunnfjord	Utført
Retningslinjer for ansvarleg marknadsføring	Det er etablert retningslinjer som er tilgjengeleg på Bransjenytt: Ansvarleg marknadsføring – Visit Fjordkysten & Sunnfjord	Visit Fjordkysten og Sunnfjord	Utført
Informasjon på nettsida Din guide til Vestlandet - Fjord Norway	Det er etablert ein artikkel på Fjord Norway Ferdast trygt i FjordKysten og Sunnfjord - Fjord Norway I tillegg finn ein utfyllande informasjon her: Reis betre - Fjord Norway Fjordløftet – hvordan være en god turist i Fjord Norge - Fjord Norway Vær trygg i fjellet! - Fjord Norway Pakkeliste til fjelltur - og alt annet du trenger å vite for å gå på tur på Vestlandet - Fjord Norway Gradering av vandreturer - Fjord Norway	Visit Fjordkysten og Sunnfjord	Utført
	Informasjon om sykkelruter Dei vakreste sykkelperlene i storslått natur FjordKysten og Sunnfjord - Fjord Norway	Visit Fjordkysten og Sunnfjord	Utført

Skilting og merking av besøksmål	Etablert prosessverktøy og årshjul som kan nyttast i besøksforvaltning (Merket for Berekraftig reisemål) – Denne listar ut ressursgrunnlag for kartlegging, vurdering av prioritering.	Visit Fjordkysten og Sunnfjord	Under arbeid
Angi gradering av løyper på nettsida, evt. vise til andre aktuelle artiklar for trygg gjesteadferd der det er aktuelt	Angi gradering av turar ved oppretting og revidering av produkt på nettsida. Gradering av vandreturer - Fjord Norway	Visit Fjordkysten og Sunnfjord	Gjerast etterkvart
Varsling på SoMe - Ved meldt uvær - Ved kjent risiko som fraviker frå det normale For øvrig blir SoMe nytta til å jamleg minne på gjeldande anbefalingar og reglar	Rutiner etablert	Visit Fjordkysten og Sunnfjord	Utført
Mål: Sikre informasjon og kjennskap til beredskap, redningstenester og nødprosedyrer			
Tiltak	Beskrivelse	Ansvar	Frist
Informasjon til vertskapet på bransjenettsida Visit Fjordkysten & Sunnfjord – Bransjenytt	Etablert eiga side for informasjon om Risiko og beredskap – Visit Fjordkysten & Sunnfjord	Visit Fjordkysten og Sunnfjord	Utført
	Vise til rutiner og kor ein finn informasjon om nasjonal, regional og kommunal beredskap, Samfunnssikkerhet og beredskap - regjeringen.no / DSB Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap	Visit Fjordkysten og Sunnfjord	
	Vise til informasjonssider om smittsomme sjukdommar FHI, Folkehelseinstituttet - FHI	Visit Fjordkysten og Sunnfjord	
	Vise til informasjon frå Mattilsynet, Mat og drikke Mattilsynet	Visit Fjordkysten og Sunnfjord	
	Vise til Veileder for arrangement, Veileder for sikkerhet ved store arrangementer Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap	Visit Fjordkysten og Sunnfjord	

Informasjon på nettsida Din guide til Vestlandet - Fjord Norway	Kontaktinformasjon til nød- og redningsteneste: Ferdast trygt i FjordKysten og Sunnfjord - Fjord Norway	Visit Fjordkysten og Sunnfjord	Utført
Etablere møtepunkt med politi og/eller redningsteneste, lokale helsemyndigheter og kommunens beredskapsansvarleg		Visit Fjordkysten og Sunnfjord	Under arbeid
Mål: Opplæring og kompetanse for vertskapet			
Tiltak	Beskrivelse	Ansvar	Frist
Informasjon på Bransjenytt Visit Fjordkysten & Sunnfjord – Bransjenytt	Nettsida oppdatert	Visit fjordkysten og Sunnfjord	Utført
Etablere kurs på BerekraftsAkademiet, Berekraftsakademiet – Visit Fjordkysten & Sunnfjord		Visit Fjordkysten og Sunnfjord	Under arbeid